

# Sluttrapport for Nøringen 2018/2019

Eit kulturskuletilbod i Hardanger og på Voss.

Kulturarv som tema og folkemusikk og folkedans som den rauden tråden



## Føreord

Eit heilt unikt løft for å spreie kunnskap kring lokalarva til dei yngste i Hardanger og Voss vart gjennomført i kulturskuleåret 2018/2019. Kring 80 born i regionen vår fekk gjennom året læra seg lokale songar, dansar og møta folkemusikkinstrument. Dei fekk innblikk i lokale mattradisjonar, høyra soger og segner, vera med på å klyppa sau, karda, spinna, farga ull, slakta, trekkje garn, pressa eplesaft og mykje mykje meir. Attåt fekk alle barnehagane i Odda og Jondal fire besøk kvar med song, dans og musikk. Både born og foreldre boblar over av ny kunnskap, og lærarane har fått nye nettverk.

Nøringen har vore ein ubetinga suksess, og andre regionar ser til Hardanger og Voss for å læra. Men eit slikt arbeid kjem ikkje heilt av seg sjølv. Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum ynskjer å bidra til å spreie kunnskap om vår kulturarv gjennom vårt felles prosjekt hardingfela.no. Hardingfela.no har skaffa pengar til Nøringen, koordinert, overtalt og har freista å samla trådane og gruppene. Det er den største satsinga som hardingfela.no har gjennomført etter 4 år i drift, og det var skikkeleg moro når me kom skikkeleg i gang.

Regionen Hardanger og Voss har eit enormt potensiale i å formidla vår spanande kulturarv, og spesielt dersom alle aktørar klarar å stå saman. Dette er Nøringen eit særdeles synleg bevis på. Kulturskulane tek heldigvis med seg Nøringen vidare, men arbeidet har akkurat byrja. Me gler oss til fortsetjinga!

Tusen takk for

*Godt samarbeid til:*

- Alle dei 15 lærarane som har fulgt Nøringengruppene gjennom året og har gjeve dei verdfull kunnskap.
- Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen spel- og dansarlag og Voss spelemannslag for innspel og innsats for å fylgje opp borna.
- Kulturskulane i Granvin, Eidfjord, Jondal/Odda, Kvam, Voss, Ullensvang og Eidfjord for at de ynskte å prøva ut Nøringen og no ser ut til å ta tilbodet vidare.
- Alle friviljuge som har stilt opp med sin kunnskap
- Alle som har bidrege med lokaler og kunnskap ellers: Hardanger og Voss museum, Ole Bull Akademiet, dei ulike kommunane, Ulvik ungdomslag, Haugesenteret m.fl.

*Økonomisk stønad frå:*

Norsk Kulturråd, FolkOrg/Dextra Musica, Hardanger Kulturråd, Senter for folkemusikk og folkedans, Voss herad, Ullensvang herad, Ulvik herad, Kulturskulane i regionen.

Randi Bårvædt  
Direktør for Hardanger og Voss museum

Jo Ageir Lie  
Rektor ved Ole Bull Akademiet

Rannveig Djønne  
Prosjektkoordinator for hardingfela.no

## Innhald

<b>Føreord .....</b>	<b>2</b>
<b>1.0 Bakgrunn.....</b>	<b>4</b>
<b>1.1 Om namnet "Nøringen" .....</b>	<b>4</b>
<b>2.0 Organisering og lærarar .....</b>	<b>4</b>
<b>2.1 Prosjektkoordinering.....</b>	<b>4</b>
<b>2.2 Samarbeidspartnarar.....</b>	<b>4</b>
<b>2.3 Arbeidsgruppe.....</b>	<b>5</b>
<b>2. 4 To ulike modellar av Nøringen.....</b>	<b>5</b>
<b>2.5 Lærarane .....</b>	<b>6</b>
<b>2.6 Undervisningslokaler .....</b>	<b>6</b>
<b>2.7 Marknadsføring og påmelding.....</b>	<b>7</b>
<b>3.0 Gjennomføring .....</b>	<b>7</b>
<b>3.1 Undervisninga .....</b>	<b>7</b>
<b>3.2 Kurs og samlingar for lærarane i Nøringen.....</b>	<b>8</b>
<b>3.3 Frivillige som lærarar .....</b>	<b>8</b>
<b>3.4 Deltaking på konsertar.....</b>	<b>8</b>
<b>4.0 Spyrjeundersøking hjå foreldra .....</b>	<b>9</b>
<b>5.0 Dokumentasjon underveis og spreiing av informasjon .....</b>	<b>9</b>
<b>5.1 Media.....</b>	<b>10</b>
<b>6.0 Oppfylging etter prøveåret med Nøringen .....</b>	<b>10</b>
<b>6.1 Kulturskulane .....</b>	<b>10</b>
<b>6.2 Spelemannslaga.....</b>	<b>10</b>
<b>6.3 Hardingfela.no .....</b>	<b>11</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>12</b>
<b>Vedlegg 1. Marknadsføringsbrosjyre. Døme frå Ullensvang aust.....</b>	<b>12</b>
<b>Vedlegg 2 Plan for "Nøringen" i Kvam 2018/2019.....</b>	<b>14</b>
<b>Vedlegg 3 Døme på avisoppslag. Frå Avisa Hordaland som skreiv om Nøringen på Voss .....</b>	<b>16</b>

Bilete på framsida: Alle av Ingerid Jordal med unnatak av biletet av eplepresseing som er teke av Rannveig Djønne.

## **1.0 Bakgrunn**

Hardanger Spelemannslag, Voss Spelemannslag, Kvemmingen spel – og dansarlag og hardingfela.no ynskjer å skapa eit fokus og spreie kunnskap og interesse for kulturarva i regionen til den oppveksande generasjonen i Hardanger og på Voss. Samstundes ynskjer me å sikra framtidig god rekruttering til spel – og dansarlaga innan folkemusikk og folkedans.

Difor starta ein frå hausten 2018 opp satsinga “Nøringen” i samarbeid med dei 8 kulturskulane i regionen. Nøringen er eit kulturskuletilbod til 4-6 åringer med kulturarv som tema og tradisjonsmusikk og tradisjonsdans som den raude tråden.

### *1.1 Om namnet “Nøringen”*

Nøringen er ein kjend gangar som har vorte mykje nytta på Vestlandet. Slåtten vart nytta til morgonslått andre bryllaupsmorgen når gjestene fekk skjenk og mat i Hardanger og på Voss. Stevet til slåtten er av dei mest kjende slåttestev i Noreg:

*Nøringen- etter Margretha Opheim*

*Eg ser deg, eg ser deg,  
men kan ikkje koma te deg (rep)  
Å hadde eg aore og baotn va god,  
og fjortan te styra og sauken te ro  
Dau skulde eg koma te deg,  
ja te deg, ja te deg  
Dau skulde eg koma te deg,  
eg veit no so vel ka du ve meg*

Attåt lenker til folkemusikk og song, lokalhistorie og matkultur så tyder å “Nøre” å kveike så me vonar at Nøringen kan kveike ei interesse for den lokale kulturen i Hardanger og på Voss og for tradisjonar og kultur generelt.

## **2.0 Organisering og lærarar**

### *2.1 Prosjektkoordinering*

Nøringen er initiert og organisert av hardingfela.no som er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum. Prosjektkoordinator Rannveig Djønne har stått for søknadar, felles tiltak for elevane og lærarane, jobbing med marknadsføring og oppfylging vidare.

### *2.2 Samarbeidspartnarar*

Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen spel – og dansarlag og Voss Spelemannslag har årsmøte – eller styrevedtak om at dei ynskjer å vera med på satsinga, og fylgja opp interesserte born i etterkant.

Andre friviljuge lag og organisasjoner vart kontakta og spurde om dei vil bidra til praktiske aktivitetar var t.d. Bygdekinnelaga i dei ulike kommunane, Husflidslaga, Ungdomslag, Slow Food Hardanger m.m. Tilbakemeldingane var vore veldig positive.

Institusjonar: Olav H. Haugesenteret, Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet ynskte å bidra med både lokalitetar og aktivitetar for borna.

Kulturskulane i:

Granvin, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Jondal, Odda, Ullensvang og Voss. Alle dei 8 kulturskulerektorane takka ja til å vera med på satsinga og leggje Nøringen inn i sine tilbod som eit prøveår i 2018/2019.

### 2.3 Arbeidsgruppe

Det var satt ned ei arbeidsgruppe med representantar frå dei tre spelemannslaga, kulturskulane og hardingfela.no. Representantane her var:

- Hardanger Spelemannslag: Anne-Marie Øydvin
- Voss Spelemannslag: Kari Finne Sognnæs
- Kvemmingen Spel – og dansarlag: Arngunn Timenes Bell
- Ullensvang kulturskule: Kulturskulerektor Frøy Hagen Pettersen. Er også leiar i fellesrådet for kulturskulerektorane i regionen
- Hardingfela.no: Rannveig Djønne

Arbeidsgruppa hadde møter i oppstart av Nøringen for å koma med forslag til fellesmateriale av songar og dansar til dei ulike gruppene og forslag til lærarar. Attått nytt koordinator Rannveig Djønne arbeidsgruppa til å koma med innspel underveis til kurs for lærarane, avslutningskonsert m.m.

### 2. 4 To ulike modellar av Nøringen

Nøringen skulle i utgangspunktet vera gruppeundervisning på minimum 6 og maksimum 12 born, to lærarar og påmelding gjennom kulturskulen. Dette vart gjennomført i Granvin, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang aust og Ullensvang vest. 80 born meldte seg på. Kulturskulerektorane bestemte seg for å setje påmeldingsavgifta lågare enn vanleg påmeldingsavgift for å få flest mogeleg med (kr. 500 pr. halvår).

I Odda kulturskule hadde dei allereie hatt eit opplegg i eit par år med song i barnehagane, og dei ynskte å gå vidare med det. Samstundes så hadde me rett og slett ikkje nok kvalifiserte lærarar til å undervisa på kveldstid så då laga me ein modell med Nøringen i barnehagane på dagtid. Alle dei 7 barnehagane i Odda og den eine i Jondal vart med på dette. Kvar barnehage fekk 4 besøk kvar med song, dans og dei fekk sjå og høre hardingfela og toradaren.

Dei to ulike modellane har kvar sine fordelar og ulemper. Ved å gje eit tilbod i barnehagane så får alle borna og personellet ein liten smak av folkemusikken og folkedansen i staden for 12 born i ein heil kommune. I barnehagane er borna i omgjevnadar som dei kjenner godt og det er faste reglar og rutinar der. Ein trong difor ikkje bruke tid på at borna vart kjende og trygge. Undervisninga var i barnehagetida, noko som er positivt når borna er såpass små.

Samstundes er det stor skilnad på 37 veker med undervisning og ei fordjuping i vår kulturar og 4 besøk. Ein ser kor mykje borna har vokse og kor mykje dei har lært i løpet av dette året. Ikkje minst så var foreldra stort sett med då undervisninga var etter barnehagetid og dei fekk dermed ei felles oppleving og kunne dansa og syngja

heime. Tilbakemeldingane frå foreldra er at dei har lært særslig mykje dei også, og mange kunne tenkt seg ein Nøringenversjon for vaksne.

Den optimale varianten hadde vore å ha meir folkemusikk og folkedans i barnehagane samstundes som ein kan ha Nøringen tilbodet i kulturskulen for dei som er ekstra interessert.

## 2.5 Lærarane

Kvar gruppe hadde to hovudlærarar (tilsett 3,85-5 % stilling alt etter planleggingsansvar). Lærarane har anten vore tilsett i kulturskulen eller i Hardanger og Voss museum (to av lærarane i Ullensvang vest). Arbeidsgruppa ynskte at minst ein av lærarane skulle vera lokal slik at det kunne vera enklare å trekke inn lokale lag og ressurspersonar. Dette klarte me å gjennomføra, og det syntet seg at det fungerte fint å få inn historikk, kunnskap og lokale ressurspersonar når lærarane nyttet sine nettverk. Me ynskte og at dei to lærarane skulle dekkje song og dans godt. Fleire av lærarane var med på to eller tre ulike Nøringengrupper og ein fekk ei god erfaringsutveksling på denne måten. Me har også fått tilbakemeldingar på at det er særslig gjevande og absolutt naudsynt å vera to lærarar i gruppeundervisning for denne aldersgruppa. 15 lærarar var involverte i Nøringen i 2018/2019, og dei ulike lærarane var:

Kommune	Lærarar	Ansvarleg for planlegging m.m.
Granvin	Alexander Aga Røynstrand og Anne Marie Øydvin	Alexander
Ulvik	Alexander Aga Røynstrand og Anne Marie Øydvin	Anne Marie
Kvam	Arngunn Timenes Bell og Ole Gjerde	Arngunn
Eidfjord	Johanna Mjeldheim og Trude Brekke/Hilde Anette Oksavik Bu (desse to delte ei Nøringenstilling)	Trude/Hilde Anette
Ullensvang aust	Johanna Mjeldheim og Per Nornes	Per
Ullensvang vest	Johanna Mjeldheim og Line Iversen/Guttorm Rogdaberg (HVM)	Line
Voss	Ellen Marie Selland Geithung og Johanne L. Mjøs	Ellen Marie
Odda/Jondal	Anne Karin Stormyr og Ingrid Dale/Arne Jordan (desse to delte ei Nøringenstilling)	Anne Karin

## 2.6 Undervisningslokaler

Me ynskte at undervisningslokala også skulle syna vår lokale kulturarv, og Hardanger og Voss museum har bidrege med fantastiske museumstun og kunnskap underveis i Nøringen. Det vert ei endå større oppleving å verta kjend i sitt lokale museumstun enn med eit klasserom. Basen har stort sett vore fast for borna og så har dei vore på ekskursjonar alt etter kva aktivitetar som har vore aktuelle. Ein kan sjå at der har vore ein fast base så har det vore enklare å halde fokuset til borna. Nokre stader har ein

vore konsekvent på basen p.g.a. temperatur m.m. og det gjer det noko meir forutsigbart for borna.

Kommune	Base for undervisninga
Granvin	Bygdatunet og Kulturbanken (biblioteket)
Ulvik	Elvatun – Ungdomshuset i Ulvik
Kvam	Hardanger Fartøyvernssenter (Hardanger og Voss museum)
Eidfjord	Eidfjord kulturskule
Ullensvang aust	Skredhaugen (Hardanger og Voss museum)
Ullensvang vest	Agatunet (Hardanger og Voss museum)
Voss	Dagestadmuseet (Hardanger og Voss museum)
Odda/Jondal	Dei ulike barnehagane

## 2.7 Marknadsføring og påmelding

Tilbodet skulle utlysast av kulturskulane, men ikkje alle fekk det med i sine ordinære faldarar m.m. Difor fekk hardingfela.no utarbeida ein faldar for kvar kommune (sjå vedlagt) som fortalte meir om tilbodet, fekk omtale i avisene, jobba aktivt opp mot foreldra m.m. I dei mindre kommunane var det enkelt å få distribuert faldaren i alle dei aktuelle barnehagekorgene og spreie informasjon. Men t.d. Voss har 16 barnehagar. Der vart faldaren sendt ut pr. e-post til barnehagane og lagt ut i 6 barnehagar.

Då påmeldinga starta såg me heilt klart at det gjekk fort å fylla opp gruppene i dei minste kommunane. Tilboda for denne aldersgruppa er få i dei minste kommunane og informasjonsflyten lett å få til. På Voss, som er den største kommunen i folketal i Nøringen (kring 15000 innbyggjarar), såg det lenge ut til at påmeldinga var så låg at me laut kutta tilbodet her. På Voss er det mange tilbod og det er ikkje alltid så lett å treffe med informasjonen til dei rette gruppene når det kjem nye tilbod. Den utløysande faktoren her var faktisk at ei engasjert mor ringte rundt til andre foreldre og det førte til at ein fekk 10 påmelde born på Voss og ein kunne dermed starta opp der også.

Då haustsemesteret starta var det kring 80 påmelde. I løpet av året så fall det av kring 10 born til saman av ulike årsakar.

## 3.0 Gjenomføring

### 3.1 Undervisninga

Det vart like mange variantar av undervisningsopplegget som det var grupper. Alle hadde nokre faste songar og dansar som alle skulle læra, men så tilpassa lærarane planane etter kulturarva i sin kommune. Planleggingsansvarleg for dei ulike gruppene laga alle halvårsplanar med tider og aktivitetar som vart delte ut til foreldra. Årsplana for Kvam ligg vedlagt. Dei tok utgangspunktet i førebuingar til eit tradisjonelt bryllaup og nyttja kulturskuleåret til m.a. å førebu eit bryllaup gjennom song, dans, mattradisjonar, soger og segner. Og dei avslutta sjølvsagt kulturskuleåret med eit tradisjonelt bryllaup. I Agatunet t.d. tok dei meir utgangspunkt i årstidene og nyttja

primstaven som eit utgangspunkt i høve aktivitetar og songar. Felles for alle gruppene er nok at dei som brukte nok tid på planlegging i starten og av timane underveis som fekk det mest heilskaplege og gjennomførte tilbodet.

### *3.2 Kurs og samlingar for lærarane i Nøringen*

Det var gjennomført ei samling for lærarane før oppstart av undervisninga hausten 2019. Då gjekk me igjennom felles songar og dansar, utveksla idear og ulike problemstillingar.

Me hadde også ei samling i januar 2019 for å gå igjennom erfaringar frå fyrste halvår. På denne samlinga leigde me inn kvedar Kari Finne Sognnæs som har jobba mykje med små born og som har utdanning innan helse og musikk. Ho fortalte om sine erfaringar og det vart gode diskusjonar.

Ved å samla lærarane så fekk dei eit nytt nettverk og har mogelegheita til å ha kontakt med kvarandre for å stadig gje Nøringen betre.

### *3.3 Frivillige som lærarar*

Eit av måla med Nøringen var å la borna få møte ressurspersonar innan kulturav i sin kommune også utover lærarane. Spelemannslaga hadde i utgangspunktet sagt ja til å bidra, og det var heller ikkje vanskeleg å få med andre ressurspersonar. Alt frå gardbrukarar, medlemmer i bygdekvinnelag, folk som var gode på å laga seljefløyter, gode historieforteljarar m.m.

Fleire av gruppene var særskilt gode på å trekke inn frivillige og ein fekk utruleg fine møter på tvers av generasjonane. På Voss så var dei t.d. flinke til å nytta utøvarar som var innom Ole Bull akademiet, og borna var også med på fleire mindre konserter der.

Dei frivillige fekk gåver som t.d. cdar, lokal mat m.m. som takk.

### *3.4 Deltaking på konserter*

Dei aller fleste gruppene deltok på ein eller to konserter i regi av kulturskulen og hadde nokre song - og danseoppdrag, t.d. oppdrag på utstillingsopning i Agatunet. I Eidfjord la dei eine øvinga til gamleheimen og det var eit populært tiltak. Gjennom prosjektperioda så ynskte me å få samla flest mogeleg av borna til ein felles konsert. Me fekk til eit samarbeid med Hardanger Musikkfest der borna fekk opptre i Fjordahallen (idrettshall) i Kinsarvik som ein del av programmet til musikkfesten. Konserten vart nøye regissert og godt innøvd i dei ulike gruppene før dei møttes i Kinsarvik. Kring 40 av borna var med og dei song og dansa saman med lærarane sine. Det var eit utruleg fin stund med alle borna på scena samstundes. Og det sosiale er sjølv sagt viktig så etterpå var det is- og pylsefest.

Gruppa i Granvin hadde kanskje det mest staselege oppdraget. 18. Juni kom Kongen og Dronninga på besøk til bygda, og dei 10 Nøringenborna i Granvin song 3 songar for dei og dei fleire hundre frammøtte. Då kunne ein verkeleg sjå korleis gruppa hadde forandra og utvikla seg frå starten av Nøringenåret til slutten, og kor trygge dei var på scena. Dei var rett og slett superflinke.

## **4.0 Spryjeundersøking hjå foreldra**

Etter endt haustsemester fekk foreldra til Nøringenborna ei spryjeundersøking som skulle gje dei einskilde gruppene innspel på det vidare arbeidet. 40 foreldre svarte og lærarane fekk svara og hadde høve til å justera timane m.m. etter innspela. Heile spryjeundersøkinga ligg vedlagt. Her er ei oppsummering av svara:

- Foreldra er utruleg nøgde med jobben lærarane gjer og kva opplevingar og lærdom både dei og borna får.
- I dei gruppene der det har vore mykje fokus på aktivitetar utanom song, spel og dans så ynskjer foreldra seg meir song, spel og dans. Repetisjon og faste rammer.
- Men samstundes så er det nokon som ynskjer seg fleire praktiske aktivitetar og litt mindre song, spel og dans der det har vore hovudfokus.

Men: vår tradisjonsmusikk og tradisjonsdans må absolutt vera i hovudfokus og den raude tråden i Nøringen. Mange av gruppene har vore flinke til å knytta aktuelle songar og dansar til aktivitetane dei faktisk gjer, og då får ein jo det beste av alt. Folkemusikk og folkedans er jo, i alle fall var, bruksmusikk til ulike gjeremål så ein kan faktisk finna songar m.m. til det meste av tradisjonelle aktivitetar.

- Foreldrerolla er ikkje avklart/ikkje kommunisert godt nok ut i alle gruppene, og der er foreldra tydelege på at dei saknar det. Generelt kan ein vel seie at dersom foreldra er i same rom så må dei delta på song, dans m.m.saman med borna. Fleire grupper har gode erfaringar med dette, og det vert endå meir øving heime og ein felles aktivitet. Foreldra treng like tydelege beskjedar som borna.
- Tidspunkt er det ulike meininger om i dei ulike gruppene, men dei som har hatt dobbelttimar får gode tilbakemeldingar på dette. Gjerne i vekene det er satt opp andre aktivitetar enn song, spel og dans. Det kan vera godt med ei vekes pause innimellom også.
- Nokon er innom at det kunne nok ha vore betre tilrettelagt for dei yngste (altså 4-åringane). Her vil det nok vera store individuelle skilnadar på borna, men som me diskuterte på møtet så bør kanskje skiljet her gå ved skulealder. Det kan vera ein enorm skilnad på ein 4-åring og dei som har byrja på skulen og har byrja å verta vane med undervisning.

## **5.0 Dokumentasjon underveis og spreiling av informasjon**

Alle foreldra fekk skjema i høve fotografering av borna og bruken av biletia slik at me kunne ha bilet til sosiale medium, aviser, føredrag m.m. Hardingfela.no leigde inn fotograf Ingerid Jordal til å ta bilet av gruppene på Skredhaugen, Agatunet og Fartøyvernsenteret. Attåt så var ho med på avslutningskonserten i Fjordahallen under Hardanger Musikkfest og tok bilet og laga ein filmsnutt.

Lærarane tok også bilet underveis og la ut på Facebooksida til Nøringen slik at me fekk synt aktiviteta.

Fleire av gruppene hadde også eigne interne facebookgrupper til foreldra for å sende meldingar

### 5.1 Media

Lokale aviser som t.d. avisar Hordaland, Hardanger Folkeblad og Hordaland Folkeblad har hatt fleire avisoppslag om Nøringen. Gjengen på Skredhaugen fekk også besøk av NRK-Hordaland og det vart laga eit radioinnslag. I Granvin havna Nøringenborna på fjernsyn då dei song for Kongen og Dronninga.

## 6.0 Oppfylging etter prøveåret med Nøringen

Me er særstakt nøgde med dette fyrste året av Nøringen. Det er utruleg mange erfaringar som ein kan byggja vidare på og utvikla tilbodet. Vidareføringa av Nøringen ser slik ut:

### 6.1 Kulturskulane

For kulturskuleåret 2019/2020 har det vore opp til kulturskulane om dei vil ha tilbodet med vidare i sine ordinære tilbod og budsjett. Kulturskulane har vore nøgde og alle ynskjer å fortsetje. Stoda er slik:

- Voss fortset med to grupper. Ei for nye Nøringenborn og ei for dei som har vore med eit år.
- Granvin fortset. Ei gruppe på 8 born. Vert slått saman med Voss frå 2020, men skal ha si eiga gruppe.
- Ulvik fortset. Ei gruppe med 13 born og div. småsyskjen.
- Kvam fortset. Prøver seg på to grupper på to ulike lokalitetar p.g.a. store avstandar innad i kommunen. Ei gruppe i Norheimsund og ei i Strandebarm. Til saman 21 born
- Eidfjord. Har små barnekull i dei aktuelle alderstrinna og ynskjer då å ha Nøringen inn i barnehagen i staden for i kulturskulen.
- Odda/Jondal/Ullensvang. Desse tre kommunane vert slått i hop frå 2020. Dei ynskjer å fortsetje med å ha opplegg i barnehagane. Foreldra i Ullensvang herad m.fl. jobbar for å vidareføra opplegget på Skredhaugen og i Agatunet, og vonaleg vil det gå seg til etter kvart. Vilja er det absolutt hjå kulturskulerektor, men det er mange ting som skal på plass i ein ny kommune.

### 6.2 Spelemannslaga

Kvemmingen spel – og dansarlag har allereie vore aktive i både å hjelpe til med å arrangera jolaavslutning for borna og avslutninga med bryllaupsfeiring. Hardanger spelemannslag laga til eit eige opplegg for aldresgruppa 4-6 år på det årlege kurset deira i mars; "Dans, spel og song – alt på ein gong". Det møtte kring 30 born med foreldre som dansa og spelte i eit par timer saman med instruktørane Åsmund Øydvin og Kari Finne Sognnæs.

Dei tre spelemannslaga ynskjer å fylgje opp Nøringenborna og å vera miljøskaparar for desse. Hardingfela.no har akkurat koordinert ein felles søknad for laga og har motteke Dextra-midlar gjennom FolkOrg for helgesamlingar, inkludering i juniorklubb m.m. for borna.

### *6.3 Hardingfela.no*

Hardingfela.no ynskjer å jobba for å laga felles arenaer for lærarane og laga som er involvert i Nøringen. Attåt jobbar me no for å finansiere eit opplegg for kompetanseheving innan lokal song og dans for dei over 500 barnehagetilsette i regionen. Dette har har kome fram som eit ynskje i prosjektperioda. Hardingfela.no har også jobba med å spreie informasjon om Nøringen til andre kommunar, spelemannslag m.m. gjennom mange føredrag. M.a. på rekrutteringsseminar hjå FolkOrg. Dette har resultert i at eit arbeid ut i frå Nøringenmodellen har starta opp i mellom anna Oslo. Andre kommunar i Hordaland har teke kontakt for informasjon så det viser seg at interessa kring satsing på å spreie kunnskap kring kulturarv for dei yngste er stor.

## Vedlegg

Vedlegg 1. Marknadsføringsbrosjyre. Døme frå Ullensvang aust

The image shows the front cover of a brochure titled 'Nøringen'. The title is large and green, with the subtitle 'Eit kulturskuletilbod for 4-6 åringar' in smaller text below it. The cover features four photographs: two children working with dough, a child playing a fiddle, a group of children in a classroom, and a child using a ruler and pencil. The bottom part of the cover has a dark blue background with white text.

**Nøringen**

Eit kulturskuletilbod for 4-6 åringar

Foto: Agurbana Concilion

Foto: Ing-Joel Jorstad

Foto: Magni Røsvold

Foto: Helene Røsset

Ein smakebit på den lokale kulturarven vår

Nøringen er eit unikt kulturskuletilbod for born født 2012-2014. Satsinga er i alle Hardangerkommunane og på Voss. Tema er kulturarv med tradisjonsmusikk og tradisjonsdans som den rauda tråden. Det er plass til 12 born i ei undervisningsgruppe, og det er to lærarar per gruppe.

Ullensvang aust: Nøringen samarbeider med bygdekvinnelag, husflidslag og spelemannslag i lokalmiljøet. Attåt dans, synging og kveding kjem borna til å få vera med på å baka, ha tema kring geiter og fylgja sauен frå ull til produkt. Dei får møta folkemusikkinstrument som toradar og hardingfele, og dei skal laga eigne selje-føyter om våren. Historieforteljing er også ein del av vår lokale kulturarv, og borna får vera med på dramatisering av nokre av historiane.

**Undervisning/samlingar:**

45 minutt i veka frå september - mai. Tysdagar kl. 1730.  
Timeplan vert delt ut til deltakarane.

**Undervisningsstad: Skredhaugen**

Pris: kr. 500,- pr. semester

Lærarar: Per Normes og Johanna Mjeldheim

Påmelding til: Ullensvang musikkskule, Sandviksvegen 11. 5780 Kinsarvik

E-post: froy.hagen.petersen@ullensvang.hrad.no

Oppgi fødselsdato/år til bornet ved påmelding

**PÅMELDINGSFRIST: 15. JUNI**

For meir informasjon, kontakt: Per Normes, tlf.nr. 95201493



Foto: Helene Mjeldheim

Nøringen er støttet av; Norsk Kulturråd, FolkOrg/Dextra Musica, Rådet for folkemusikk og folkedans, Hardanger Kulturråd, Hardangerkommunane og Voss kommune

Eit samarbeid mellom kulturskulane i Hardanger og på Voss, Hardanger Spelemannslag, Voss Spelemannslag, Kvemmingen spel – og dansarlag, Hardanger og Voss Museum, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no

## Vedlegg 2 Plan for "Nøringen" i Kvam 2018/2019

Vewe	Tema	Ansvar / Medhjelpar	Stad	Merknad
36	Nøringen			
37	SONG!			
38	Potetopptak			17:00 - 18:30, Oppmøte Vikøy kyrkje
39	Toradaren			
40	Fjorden var vegen	HFS	S/J Mathilde	
I				
42	Dans			
43	Slakting - partering - salting			<b>17:00 - 18:30</b>
44	Hardingfela			
45	Dans			
46	Eplepressing			
47	Segna om Tolokruna			BVD
48	Svele / juleappelsin			
49	Julesongar			"Didelideli og vetla julaftao..."
50	Juleskikkar		Borgstova, Vikøy	<b>17:00 - 18:30</b>
JULEFERIE				
	Tema	Ansvar / medansvar	Stad	Merknad
3	Felemakarane på Botnen	Geir Botnen / Audun Galtung		
4	Spele fele			
5	Småbåtverkstad	HFS		
6	Dans + spele fele			
7	Seljefløyte og munnharpe			
8	Slåttetromme, lur og bukkehorn	Rolf K Seldal		
VINTERFERIE				
10	Konsert med Rannveig Djønne og Annlaug Børsheim		<i>Feleverkstaden, Strandebarm</i>	

11	SONG!			
12	MAT - krotakake		<i>Storeteigen, Øystese</i>	17:00 - 18:30
13	Tau	HFS		
14	Dans			
15	Uteleikar			
PÅSKEFERIE				
17	MAT - potatkake og flatbrød			17:00 - 18:30
18	Spikke seljefløyte			
19	Besøk i felemakarverkstaden til Ole		<i>Feleverkstaden, Strandebarm</i>	
20	Bryllaupsførebuing			
	BRYLLAUP 26.05.19		<i>Storeteigen, Øystese</i>	
	Felles avslutning med dei andre Nørringendeltakarane		<i>Kinsarvik</i>	09.jun

\* Namn på ein del friviljuge er fjerna frå "ansvar/medansvar" i denne offentlege rapporten.

Vedlegg 3 Døme på avisoppslag. Frå Avisa Hordaland som skreiv om Nøringen på Voss

# Dans og song etter leggjetid

På Nøringen syng og dansar born i alderen fire til seks år saman.

– Eg har fått mange nye vener, seier Lauritz Myklebust Reime.

– Kva er detta for noko? Ell trekkspill?

– Nøt, det er ein trenadar. Hordaland er med ti born på det nye kulturtidsskriftet «Nøringen» i Dagstidsnissen på Gjermund. Detta har del avskrift av Sia Nordgård, som har med seg syng-samfunnet sine fire barn med på Nøringen. Og no kunne eg i stort si spørslå fin minstikk for oss, seier larerar Ellen Marie Griff, henni Sæland.

Han og syster Helsa er eldste om at dette er slakkende mimo.

– Eg syng allt er kikk, seier en ring av syng-Sia. Spissene spissene, spissene, spissene, spissene.

Gjermund har del avskrift av syng-samfunnet sine fire barn med på Nøringen. Og no kunne eg i alle fall se fire børne vennar døgda.

No skal eg sitt litt på tv for eg legg.

Medan Lauritz synset det var kempesle spelt, så han klarte næren ikkje sitja i so på stolen sin.

– Eg sat ikkje stilte. Det var godt med å syng det er kikk, kikk, kikk, musikk, og dansa, legg Lauritz til.

Gjermund sitter seg fast opp, og syng-samfunnet syng med. Og no kunne eg i stort si spørslå fin minstikk for oss, seier larerar Ellen Marie Griff, henni Sæland.

**Hest øvergårs**

Barnas syng rusk i lokale og følkessanger, men også i dansa.

– No syng opp meir dansa saman i Helsa.

– Eg synset det er kikk, kikk, kikk,

– Eg sat ikkje stilte. Det var godt med å syng det er kikk, kikk, kikk, musikk, og dansa, legg Lauritz til.

Mens Lauritz synset det var kempesle spelt, så han klarte næren ikkje sitja i so på stolen sin.

– Ell, synset til t' er kikk, kikk,

– Eg sat ikkje stilte. Det var godt med å syng det er kikk, kikk, kikk, musikk, og dansa, legg Lauritz til.

– Det er veldig kikk, kikk, kikk, med

på Nøringen. Og no kunne eg i

alle fall se fire børne vennar døgda.

– Ell, synset det var im bog, jyd, så

syng det.

**Eller leggjeid**

Barnas syng på trenadaren, var det kanskje delvis redskapet fra borna i salen.

– Det er veldig kikk, kikk, kikk, med

mot slutten av Nøringen.

– Ell, synset det var im bog, jyd,

</div